



NVE
Konsesjonsavdelinga
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Dykkar ref.:
201700558-4

Vår ref.:
17/312-4

Arkivkode:
K2 - S11

Dato:
01.11.2017

Høyringsuttale Folkedal II Kraftverk i Granvin herad - vedtak

Heradsstyre - 047/17:
Det er fatta følgjande vedtak i saka:

Granvin herad støttar Hardanger Energi A/S sin konsesjonssøknad for Folkedal II kraftverk under føresetnad at innspela som er lista opp i kulepunkta nedanfor, vert fylgd opp på ein forsvarleg måte.

Med helsing

Rigmor Bøthun Gåsøy
Sekretær



Postadresse:
Postboks 13
5733 Granvin
Org.nr:
844162502

Telefon:
56 52 40 00
Postgironr.
0503 5786504

Telefaks:
56 52 40 01
Bankontonr.:
6501 05 67305

E-post:
postmottak@granvin.kommune.no
Internettside:
www.granvin.kommune.no

Granvin herad Sakspapir

Utval	Møtedato	Saknr
Heradsstyre	31.10.2017	047/17

Sakshandsamar: Helleve, Asbjørn	Arkiv: K2 - S11	Arkivsaknr: 17/312 - 2
---	---------------------------	----------------------------------

Høyringsuttale Folkedal II Kraftverk i Granvin herad

Dokumentliste:

Hardanger Energi AS - Søknad om løyve til å byggje Folkedal II kraftverk i Granvin herad i Hordaland – Høyring

Vedlegg:

Dok.dato **Tittel**

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Granvin herad støttar Hardanger Energi A/S sin konsesjonssøknad for Folkedal II kraftverk under føresetnad at innspela som er lista opp i kulepunkta nedanfor, vert fylgd opp på ein forsvarleg måte.

31.10.2017 Heradsstyre

Knut Endre Folkedal stilte spørsmål om gildskapen sin, han er grunneigar i området.
Erling Bruvik stilte spørsmål om gildskapen sin, svigersonen er grunneigar i området.
Dei gjekk frå møtet og resten av heradsstyret fann dei ugilde.
Tonje Såkvitne og Gro Helleland-Jordre var kalla inn og møtte som vara for dei.

Ingebjørg Winjum (V) kom med framlegg om nytt vedtak:

Granvin herad støttar ikkje Hardanger Energi AS sin konsesjonssøknad for Folkedal II kraftverk.

Grunngjeving: Ein ynskjer ikkje å bidra til nedbygging av vassdragsnaturen. Kvanndalen er eit urørt naturområde og eit særmerkt dalføre, og elva er ein svært vesentleg del av dette. Redusert vassføring vil kunna redusera viktige naturverdiar i dalen, og elva bør difor skjermast mot kraftutbygging.

Ved røysting vart rådmannen sitt framlegg vedteke med 11 røyster. Ingebjørg Winjum sitt framlegg fall med 2 røyster (Ingebjørg Winjum, V og Marianne Espeland, SV).

HS- 047/17 Vedtak:

Granvin herad støttar Hardanger Energi A/S sin konsesjonssøknad for Folkedal II kraftverk under føresetnad at innspela som er lista opp i kulepunkta nedanfor, vert fylgd opp på ein forsvarleg måte.

FAKTA:

Hardanger Energi A/S har i søknad datert 03.08.2017, søkt NVE om konsesjon for bygging av Folkedal II kraftverk. NVE har i høyringsbrev til Granvin herad datert 15.09.2017 bedt Granvin herad leggja søknaden ut til offentleg ettersyn fram til 05.11.2017.

NVE skal behandla søknaden og fatta vedtak etter reglane i kapitel 3 i vassressurslova og gjeld løyve etter §8 i lova.

Søknaden skal også vurderast etter « forskrift om konsekvensutredningar etter sektorlover «.

Kraftverket vil utnytte reguleringa i Krokavatnet og samme inntaksbasseng (Svortetjørn) som også vert nytta av det nybygde Nye Folkedal kraftverk. Folkedal II vil utnytte ytterligare ca. 12,0 høgdemeter og vil liggja ca. 450 m nedstrøms Nye Folkedal kraftverk. Kraftstasjonen vil liggja i dagen på kote 76 og ta ca 2daa av dyrka mark. Installert effekt er på ca. 9 MW og årsproduksjonen 28 GWh/år.

Vassvegen for Nye Folkedal kraftverk er bygd med tanke på ei overføring frå Kvanndalselva og bygging av et nytt kraftverk. Det vil sei at eksisterande tunnel også kan nyttast som vassveg til Folkedal II kraftverk.

Frå tunnelmunninga og vidare ned til Folkedal II kraftstasjon vert vatnet ført i nedgrave røyr. Siste del av røyrtrassen (450 m) går stort sett over dyrka mark.

Vatnet frå Kvanndalselva vert overført til Svortetjørn ved hjelp av en ca. 2km lang tunnel med

minstetverrsnitt, ca 15 m². Frå tunnelmunninga vert det ein kanal på ca 70-80 m til elva oppstrøms Svortetjørn.

Det er tenkt ei minstevassføring frå inntaket i Kvanndalselva på 200 l/s om sommaren og 60 l/s om vinteren.

Det skal byggjast ein ca 50 m lang tilkomstveg frå eksisterande kommunal veg .

Hardanger Energi er områdekonsesjonær. Det er planlagt ei opprusting av 22 kV linja frå Folkedal til Granvin sekundærstasjon.

Etter synfaring av områda er det ikkje funne raudlista arter eller verdifulle naturtypar, og omfanget for temane: raudlistearter, naturtypar og vegetasjon vert vurdert til å vera lite negativt, noko som også gjev liten negativ konsekvens ved gjennomføring av tiltaket.

Konsekvensen for fugl og pattedyr er også vurdert til lite negativ.

Det er sjøaure i Kvanndalselva. Det er foreslått minstevassføring som bidrar til at periodar med låg vassføring ikkje vert forverra dramatisk i forhold til dagens situasjon.

Konsekvensar for fisk og ferskvassorganismar er vurdert til liten - middels negativ. For resten av temane er konsekvensane satt til ubetydelig.

Utbygginga vil føre til ei redusert vassføring på ei 5 km lang elvestrekning i Kvanndal og 550 m i Folkedalselva.

Hardanger Energi har informert grunnleigene om sine planar for utvikling av prosjektet samt om oversending av konsesjonssøknaden til NVE.

Hardanger energi søker samtidig om oreigingsløyve etter oreigingslova §2 for naudsynt grunn og rettar dersom ein ikkje vert einige om minnelege avtalar.

Høyringsfristen er sett til **5/11-2017**.

VURDERING:

Saka har vore til drøfting i Formskp. den 17.10.2017 og ein kom fram til at Granvin herad har desse innspel til høyringa:

- Reguleringa fører til ca 50% meir vatn i Folkedalselva som medfører at grunnvassstanden vil auka og erosjon langs elva. Det er difor viktig at ein gjer tiltak langs elva som hindrar meir erosjon og at det ikkje vert meir isgang i elva enn det som er i dag. Isgangen gjeld spesielt nedre deler av elva før vegbrua ved Elvatun.
- Deponiområdet ved Svortetjørn er på om lag 16 daa. Dette arealet bør nyttast til beite/dyrkingsområdet som kompensasjon for dyrka areal som forsvinn. Viktig at det i vilkåra for konsesjonen vert beskrive korleis området skal sjå ut til slutt.
- Røyrsgata frå eks.kraftverk og til det nye kraftverket, går delvis over dyrka mark. Det må vera høve til å køyra/dyrka/pløya oppå den nedgrave røyrsgata i etterkant.
- Det er feil i konsesjonssøknaden i pkt 3.3 side 32, ang. vassforsyning i Kvanndal. Dette er ein vassbrønn som ikkje berre forsyner enkelthusstander, men også ferjene. I tillegg er det no lagt vassleidning til Folkedal.
- Det er i søknaden lagt opp til at grunnvassforholda i Kvanndals elva ikkje vert endra. Dette kan vera rett, men dersom vasskvalitet eller vassmengda endrar seg i den kommunale vassbrønnen i Kvanndal etter utbygginga , er det utbyggjar sitt ansvar å retta opp i dette.
- Vert vasskvaliteten i Folkedalselva endra etter at ein overfører vatn frå Kvanndalselva ?. Kan ikkje sjå at dette er nemnt i konsesjonssøknaden. Vil ei eventuell forandring medføre at økosystemet i elva vert endra ?
- Det er i prognosar for framtida sagt at ein forventar opptil 40% meir nedbør. Er dette teke høgde for i konsesjonssøknaden.?
- Det er i søknaden lagt opp til at ein kan nytta helikoptertransport i anleggstida for å bygga inntaksdammen i Kvanndalsgjelet. Det er viktig at denne transporten uroar dyrelivet i hekketida minst mogleg. Ein reknar med at det vert stilt krav om ein miljø og transportplan i løyve til konsesjonen.
- Granvin herad vil ha oversendt detalj/snitt-teikningar for bygg og terreng. Spesielt terrengsnittet for deponiområdet ved Svortetjørn, før arbeidet tek til.
- Beskrivelse av terrengbehandling for deponiområdet og nedre del ved kraftstasjon.
- Er riggområda store nok ?. Grunnen til at ein spør om dette er erfaring frå fleire store anlegg (statlege) i heradet der ein har vore nødt til å gå ekstra rundar med saksbehandling, fordi desse områda har vore for små.
- Felles inntak, vassveg og anleggsvegar som er bygd tidlegare, reduserer behovet for nye inngrep monaleg. Dette gjer at anlegget har lite inngrep i forhold til gevinst av fornybar energi.

- I utgangspunktet er det alvorleg å flytta deler av ei elv til eit anna dalføre, men Granvin herad ser her så mange fordeler i forhold til ulemper at ein kan tilrå å gjera dette.
- Om Hardanger Energi AS får innvilga sin søknad, føreset me at arealbruken vert avklart i nærare i dialog med heradet. Ein ser for seg at saka kan løysast som ei dispensasjon frå kommuneplanen, men ser ikkje bort i frå at det kan verte stilt krav om reguleringsplan.